

Norddal kommune: Statuttar for byggeskikkpris

1. Prisen er oppretta for å stimulere til og framheve tiltak med god byggeskikk, miljøvern og handverkstradisjon i kommunen og distriktet.
2. Prisen kan tildelast huseigarar eller tiltakshavarar som har gjennomført eitt eller fleire av desse tiltaka i samsvar med formåla i pkt 1:
 - a. Oppføring av nybygg.
 - b. Oppføring av tilbygg eller påbygg til eksisterande bygg.
 - c. Istandsetting av eksisterande bygg.
 - d. Bruk av særleg energi – og miljøvennlege løysingar og materialbruk i eit tiltak.
 - e. Andre tiltak som etter kommunen sitt syn fell innanfor statuttane for prisen.
3. Prisen skal vere ein plakett med påskrift og tilhøyrande diplom. Prisen kan i tillegg vere ein pengesum. Storleiken på denne vert fastsett av kommunen.
4. Prisen i form av diplom kan også gjevast til planleggjar, arkitekt og/eller utførande for tiltaket.
5. For å skape merksemd og interesse rundt prisen og for at prisen skal tene som inspirasjon for andre, skal tildelinga av prisen leggst til eit kommunestyremøte. Tildeling og grunngjeving for valet, skal kunngjerast i lokalaviser og på kommunen sine nettsider.
6. Prisen kan gjevast annakvart år. Arbeidet med tiltak som vert tildelt prisen, skal vere avslutta. Prisen kan gjevast til eit tiltak inntil 5 år etter at det er ferdig.
7. Ordninga med kommunen sin byggeskikkpris skal kunngjerast i lokalaviser og på kommunen sine nettsider. I kunngjeringa skal det m.a. gå fram at kommunen sine statuttar skal leggst til grunn for pristildelinga, at alle skal kunne foreslå aktuelle kandidatar og at forslagsfristen normalt er 15. oktober for det året prisen vert tildelt.
8. Kommunen skal utnemne ein sekretær frå administrasjonen som skal arbeide med kunngjering for prisen, ta imot forslag til aktuelle priskandidatar og sjå til at arbeidet med val av prisvinnar(ar) vert gjennomført. Sekretæren skal ha utarbeidd liste over forslag til kandidatar før 15. november for det året prisen vert tildelt.
9. Kommunen skal oppnemne ein jury for val av prisvinnar(ar). Juryen skal vere samansett av tre medlemmer:
 - 2 politisk valde medlemmer.
 - Eit medlem med arkitekt- eller annan tilsvarende fagkompetanse.Ordføraren har møte- og talerett i juryen.
Juryen vel leiar og nestleiar mellom medlemene.
10. Juryen skal halde møte og ha valt prisvinnar(ar) før 1. desember det året prisen vert tildelt. Juryen kan på fritt grunnlag foreslå kandidatar og velje prisvinnar(ar) utanom utarbeidd liste over forslag til kandidatar. Juryens val av prisvinnar skal grunngjevast skriftleg, jf pkt. 4. Juryen kan la vere å dele ut pris dei åra det etter juryen syn ikkje føreligg prisverdige kandidatar.
11. Statuttane for Norddal kommunen sin byggeskikkpris skal vere tilgjengelege på kommunen sine nettsider.
